

**Søknadsskjema for Bolyst. Søknadsfrist: 9. mai 2011**

1. Hva er navnet på prosjektet?	livOGlyst Eidfjord: Meg gjer oss "heite" og attraktive.
2. I hvilken fase er prosjektet? (sett x)	a) Forprosjekt b) Hovedprosjekt x c) Videreføring av eksisterende prosjekt x
3. Hvem er juridisk eier av prosjektet?	livOGlyst Eidfjord.  Gruppa består av politikarar, kommuneadministrasjon, næringslivsaktørar, pensjonistar, tilflyttarar og ungdom.
4. Søknadsbeløp:	390 000,-
5. Gi en kort omtale av prosjektet. Maks 250 ord. Forsøk å være så operativ som mulig.	<b>1) Sjøbua- ein duft av Eidfjord.</b>  Eit ønskje frå innbyggjarane i Eidfjord gjennom sosiokulturelle prosessar i 2009 og i samband med at kommunen kjøpte ein sjøbu i sentrum av Eidfjord, var at sjøbua skulle restaurerast og haldast heilårs open med tanke på kulturbasert næring knytt til kulturhistoriske bygningen. Det var og eit ønskje at lokalfolket skulle kunna nytta seg av bua til ulike formål. livOGlyst har arrangert fleire bakekurs, i samarbeid med allereie eksisterande næringsliv, Eidfjord næringsutvikling og Eidfjord kommune. Det har ført til kompetanseheving hos eksisterande småskala produsentar. Me har leid inn Andre Løvaas frå Åpent Bakeri AS i Oslo. Dette har vore ein suksess då kursdeltakarane både er frå lokalsamfunnet, men også regionalt og nasjonalt. Me har i år knyt oss til Matkulturfestivalen , der bakekurs i eldhuset vil vera eit eksklusivt tilbod og ein utviding av festivalen.  Me vil i juli månad halde steinomnen i drift for produktutvikling og invitera med oss lokale eldsjeler som medhjelparar. Me sel brød for å kartlegge kostnadene og for å synleggjere næringspotensialet. På sikt er det planar om å etablere eit samvirke for lokale småskala produsentar, som sel lokal, regional og nasjonale produkt. Marknaden er retta mot dei 800 hytteeigarane på Hardangervidda 20 min. unna Eidfjord sentrum, vidare er turistar, gjennomreisande, besøkande og ikkje minst innbyggjarane ei målgruppe. Det er ei målsetning at resten av sjøbua skal kunne brukast som kafe/resaurant, og utstillingslokale for kunstnarar. Samvirke vil betale leige etter prosent av sal. Bygget vil stå ferdig våren/somaren 2012. Inntil da vil me ha aktivitet knyt til

	<p>bygget for å synleggjera potensialet og legge grobotn for næringsutvikling. Målsetning er å skapa 1-4 arbeidsplassar i bygda. Me treng midlar til å halde arrangement og aktivitetar i bua og til å gjera investeringar på utstyr.</p> <p>Søkandsbeløp: NOK 130 000,-</p> <p><b>2) Hereid- Kulturlandskap med historisk sus</b></p> <p>Hereid er ein del av Eidfjord sentrum og er ein morene frå istida. Det er gjort eit av dei største funn av vikinggraver og spor frå jernalderen. Området er automatisk freda kulturminne og forvaltninga ligg hos Fylkesmannen sin landbruksavdeling. Det er tidligare gjort eit omfattande kartleggings arbeid i samarbeid med fylkesarkeolog. Me ønskjer å arbeide vidare med området som har trong for skjøtselplan og ein meir tilrettelegging for rekreasjonsområde i eit folkehelseperspektiv. Dette vil verta gjort innan for dei ramma som ligg i lov om automatisk freda kulturminne. Det er nedsett ein eige arbeidsgruppe som består av grunneigarar, livOGlyst Eidfjord, Eidfjord kommune i samarbeid med fylkesarkeolog og landbruksavdelinga.</p> <p>Søkandsbeløp: kr. 150 000,-</p> <p><b>3) Omdømmebygging</b></p> <p>Eidfjord kommune har satt i gang ein omfattande satsing på omdømmebygging. Det er satt i gang ein ambassadørskule i fire trinn. Grunnkurs, vidaregåande, bachlor og mastergrad. Titlande er symbolske, men hensikta er å involvera alle i bygda til å jobbe aktivt og ofte for bygdas omdømme. Dette er eit særst omfattande arbeid og er avhengig at Eidfjord kommune kan spela på lag med lag og organisasjonar. livOGlyst Eidfjord har hittil samarbeida med Lægreid barne-og undomskule i prosjektet ”959 Påske-egg aksjon” der elevane måla 959 påske egg (isoporkuler) , fekk dei signerte av alle innbyggjarane og hengte dei opp i dei to bjørketrea som står midt i Eidfjord sentrum. Frå hausten av har me to nye prosjekt som ligg under omdømmebygginga; Filmprosjekt; elevane lagar filmsnutter om stader i Eidfjord som har meining og er viktige for elevane. Snuttane vil verte laga til ein dokumentarfilm og vist på kinoen i Eidfjord 17. mai 2012. I tillegg skal me knyta oss til noverande Ekstremer Vøringsfoss race der me ønskjer å utvida konseptet til småløyper for ”vanlege folk”. Me vil arbeide for å involvera skule elevar og eldre til å gå saman i småløypene. Folkehelse med mottoet ; mat, mosjon og miljø er tema for arrangementet. Elevane har òg i oppgåve å formidle arrangementet til media. Utgangspunktet for omdømmesatsinga er me ikkje berre kan fortelja ei historie om oss sjølve. Me lyt gjera noko positivt saman som me kan fortelja om. Når andre byrjar å snakke om det positive me har gjort, har me lukkast.</p> <p>Søknadssum: kr. 110 000,-</p>
<p>6. Hva er mål og eventuelt delmål for prosjektet?</p>	<p>1) Sjøbua- grobotn for entreprenørskap og næringsutvikling. Utsal av lokal, regional og nasjonal kortreist mat. Sosial møteplass for innbyggjarar, tilreisande, besøkande, gjennomreisande, turistar og hyttefolk.</p>

	<p>2) Hereid- skjøtselplan for kulturminnelanskapet. Tilrettelegging for turløype, skilting, og teknologisk informasjons stasjonar.</p> <p>3) Omdømme- auka medviten om at omdømme er noko me lyt arbeide med kvar og ein av oss i bygda. Auke samarbeidsånda mellom ulike sektorar i kommunen.</p> <p>Delmål:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Integrering av tilflyttarar (både frå utlandet og frå andre stader i Noreg) i dei ulike prosjekta. Lage arena slik dei kan få høve til å byggja sosiale nettverk.</li> <li>2) Involvera ungdom i arena med andre generasjonar. Læra dei at samarbeid mellom ulike sektorar er både menneskeleg og økonomisk ressursparande. I tillegg er det moro.</li> </ol>
7. Hva slags resultatindikatorer har prosjektet for måloppnåelse?	1) Alle mål har ein framdriftplan der det kjem fram korleis, kven, når, kvar og det økonomiske rammene er kartlagt. Måla er konkrete og kan målast i den grad dei er vorte gjennomførte.
8. Hvem er målgrupper for prosjektet?	<p>1) Sjøbua- Eksisterande lokale småskala produsentar og eldsjeler. I tillegg; innbyggjarar,tilflyttarar, tilreisande, gjennomreisande, turistar, besøkande og hyttefolk</p> <p>2) Hereid- grunneigarar, innbyggjarar, turistar, og besøkande.</p> <p>3)Omdømme- Alle innbyggjarane, spesielt ungdom, i Eidfjord, og omverda.</p>
9. Hvilken forankring har prosjektet lokalt, eventuelt også på andre nivåer?	<p>1) Forankra politisk lokalt</p> <p>2) Forankra i kommuneadministrasjonen</p> <p>3) Forankra i livOGlyst Eidfjord</p> <p>4) Forankra livOGlyst sentralt via Fylkeskommunen</p>
10. Når skal prosjektet gjennomføres (fra-til)?	2011-2013
11. Hvor geografisk konsentrert vil prosjektet ha effekt? (sett x)	<ol style="list-style-type: none"> <li>a) Helt lokal effekt x</li> <li>b) Effekten kommer innen flere kommuner i regionen x</li> <li>c) Effekten kommer i hele fylket x</li> <li>d) Effekten kommer i eige og andre fylker x</li> <li>e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge</li> </ol>

	f) Vet ikke/ikke relevant
12. Gi en kort omtale over hvordan arbeidet eventuelt er tenkt videreført etter prosjektets slutt. Maks 250 ord.	<p>1) Sjøbu- etablering av eit samvirke av eksisterande lokalmatprodusentar. Prosjektet vil vera sjølvstendig etter 2013.</p> <p>2) Hereid- Etablering av ”Hereids vener” , ei sjølvstendig prosjektgruppe med aktørar frå grunneigarar, fylkeskommunen, fylkesmannen, Eidfjord kommune og eldsjeler frå livOGLyst Eidfjord, evt. andre som har sær sars interesse for deltaking.</p> <p>3) Omdømme- Eit pågåande prosjekt med Eidfjord kommune som hovudaktør i samarbeid med ulike lag og organisasjonar og ulike sektorar.</p>
13.Fylkeskommunens vurdering av prosjektet.	
14. Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret. Flere svar er mulig).	<p>a) Stabilisere eller øke befolkningen X</p> <p>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser X</p> <p>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X</p> <p>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne x</p> <p>e) Økt kompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X</p> <p>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd) X</p> <p>g) Styrke regionale sentra X</p> <p>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringsvalg for bedrifter? X</p> <p>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? X</p>
15. Hvem er kontaktperson(er)? Navn, adresse, telefonnummer og e-post.	<p>Lisbeth Bygstad Celik</p> <p>Simadalsvegen 1</p> <p>5783 Eidfjord</p> <p>Tfl .976 33 956/ 53 67 35 43</p> <p>Lisbeth.bygstad.celik@eidfjord.kommune.no</p>

**I tillegg til dette skjemaet, må søkere legge ved:**

- Budsjett med kostnadsoverslag
- Finansieringsplan
- Framdriftsplan og milepælsplan

### Estimert budsjett med kostnadsoverslag

<b>Prosjekt</b>	<b>Samla budsjett for prosjekta</b>	<b>Bulyst søkandsbeløp</b>
Sjøbu	350 000,-	130 000,-
Hereid	400 000,-	150 000,-
Omdømme	300 000,-	110 000,-
<b>Sum</b>	<b>1 050 000,-</b>	<b>390 000,-</b>

### Estimert Finansieringsplan

livOglyst Eidfjord	20 000,-
Eidfjord utvikling	150 000,-
Eigeninnsats /dugnad	140 000,-
Eidfjord kommune	150 000,-
Fylkesmannen i Hordaland	200 000,-
Bolyst midlar	390 000,-
<b>Sum</b>	<b>1 050 000,-</b>